

## Terrengkarusellstart i herleg vårver!

10.04.2016



Dei yngste gjer seg klar til start.

**(Resultata er klare): Årets terrengløpskarusell fekk ein flott start då det første løpet denne våren vart arrangert i Herøysundet søndag ettermiddag. I det nydelege veret kosa både løparar og publikum seg. Deltakartalet var også imponerande! Faktisk var det høgare enn i alle einskildløpa i fjorårets karusell.**



Kristian Øvstebø og Torbjørn Haugland har ein liten taktikkprat før løpet.

Løypene var lagt rundt grusbanen i Herøysundet, og alle klassar kom i mål på banen. Dei fleste klassane hadde også start der, medan dei yngste, frå 0 til 9 år, starta oppe ved skulen. Det var lurt, for då slapp dei den bratte motbakken like etter start.

Løype lengdene varierte frå 400 meter og opp til 2200 meter. Det var 97 påmeldte løparar og det er fleire enn i alle dei 4 løpa i fjar. Det er imponerande for det talet har tidlegare hatt ein tendens til stiga etter det første løpet. Dessutan er det tidleg, og det er nok framleis nokre potensielle deltakarar som ikkje har avslutta skisesongen enno. Denne flotte dagen var det mange som nytta til skiturar både på heimlege stader som Ulvanåso, og andre stader. Dessutan kjenner eg til at fleire gode løpartalent var opptatt med fotballkamp.

Det vart vist flott løping, og mange var både godt trente, hadde talent og viktigast av alt var at dei hadde det moro. Herøysund idrettslag kom godt frå arrangementet, og det heile varde ca. ein time og eit kvarter. Dei som var til stades, kunne kjøpa godsaker i kiosken, og det kunne dei nyta i solvarmen på tribunen framfor kiosken.

Neste karuselløp går om 14 dagar, 24.04. Då er Rosendal turnlag og Omvikdalen idrettslag arrangørar.

Resultata kjem finn de ved [å klikka inn på UIL si heimeside](#).



Morgan Musland-Massey var den einaste på 4 hjul med pappa som motor gjennom løypa. Søstera Jenny sprang på eigne bein.



Kari Bråtun var suverent raskaste dame, Sindre Omvik klart best i herreklassen, Amund H. Berge-Soldal klart best i sitt felt, og pappa Stig leverte også godt!



Jenteklassen med Celine Musland og Emma M. Ripel ut fra start.



Emma og Celine leverte sterke løp. Like etter dei kom i mål.



Kristian Øvstebø og Torbjørn Hauland og resten av gutane er godt i gang.



Malena Hjelmeland og Sigi Lekva er i gang.



Malena på full fart mot mål.



Ruth Maria Myklebust spurtar bra mot mål

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland